



**Verksemdsleiar Tormod Fossheim har skreve til Rabben Feriesenter og Elin og Geir Enes etter at Fylkesmannen trakk motsegna til campingområde C3 og dermed godkjende det mykje omtala reguleringsplanen.**

**Han opplyser at godkjenningsvedtaket no skal kunnngjerast og sendast alle berørte partar.**

Vedtaket kan påklagast med ein klagefrist på 3 veker i samsvar med forvaltningslova, men Fossheim finn det lite truleg at ein eventuell klage vert teken til følgje.

Når vedtaket er kunnngjort og klagefristen er ute, vil kommunen ha eit møte med partane der dei går igjennom dei praktiske følgjene av den nye reguleringsplanen.

Fossheim ønskjer lukke til med vidareutvikling av turistanlegga i tråd med den nye planen.